



Gravminna blir lagt i eit hjørne på kyrkjegarden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For få dagar sidan vart det fjerna fleire gravminne i Uskedalen. Dei vart lagt på ein samleplass i det eine hjørnet av kyrkjegarden.

uskedalen.no har i samband med dette fått spørsmål om kva reglar som gjeld for fjerning av gravminna.

Kyrkjevevja Arne Lindekleiv opplysar at festetida i utgangspunktet er 30 år, som kan forlengast med 10 år i tre omgongar. 60 år er dermed den lengste festetida. Etter kvart tiår skal det betalast ei avgift.

Hvis ein ikkje ynskjer å festa ei grav lenger, skal ein gje beskjed. Hvis fellesrådet ikkje høyrer noko frå festaren plar ein å purra både ein og to gongar.

Når gravminna blir fjerna, blir dei lagt samla på ein plass på kyrkjegarden og der blir dei liggjande eitpar månader før dei blir transportert bort.

- Er det ein slags angrefrist, Lindekleiv?

- Det førekjem jo at pårørande ynskjer å ta vare på gravminnet, sjølv om det er sjeldan det skjer, er svaret.

Av Ola Matti Mathisen.